*Vinje kommune*

# Stillingsomtaler for nivå 2

# Plan, økonomi og berekraft

## Stillingsomtale – Kommunalsjef – plan, økonomi og berekraft

| | |
|---|---|
| **Generelle opplysningar om stillinga** | Nivå 2<br><br>Plan, økonomi og bærekraft<br><br>Stillingstittel: Kommunalsjef<br><br>Rapporterer til kommunedirektøren |
| **Omtale av stillinga** | Kommunalsjefen inngår i kommunedirektøren si strategiske leiargruppe, og er ansvarleg for å drifte og utvikle kommunen sine tenester innanfor tenesteområdet, samt bidra til tverrfagleg samhandling med øvrige kommunale tenester. Kommunalsjefen har også ansvar for fylgjande fagområde: Økonomi, løn, plan, bygg og miljø.<br><br>Vinje kommune ynskjer meistringsorienterte leiarar som legg vekt på indre motivasjon, læring og utvikling ut frå medarbeidarane sine individuelle føresetnader. Hjå oss ynskjer me at kommunens si leiing skal legge til rette for digitalisering og smart teknologi, ein organisasjons- og arbeidskultur som fremjar gode arbeidsprosessar, godt medarbeidarskap og læring, forbetring og innovasjon. |

| | |
|---|---|
| **Ansvarsområde og oppgåver** | Kommunalsjefen skal:<br>o Sørge for at kommunedirektøren blir halden orientert om vesentlege avgjerder innan ansvarsområdet, og andre tilhøve som vil kunne vere av tyding for den samla verksemdsstyringa av kommunen<br>o Forvalte økonomisk ramme og handlingsprogram i tråd med vedtekne politiske føringar<br>o Legge til rette for, og koordinere strategisk utvikling i ansvarsområdet i nært samarbeid med andre relevante bidragsytarar<br>o Ha oversikt over, og sikre at tenesteområdet er representert og koordinert i prioriterte strategiske regionale og nasjonale nettverk (utdanning, FoU, kommunar mm)<br>o Sikre god ombordstiging (onboarding) og kontinuerleg opplæring av alle direkte underlagte/med personal ansvar for<br>o Følgje opp medarbeidarar ved sjukefråvær i samsvar med interne rutiner<br>o Bidra til at det blir gjennomført relevante analyser og utgreiingar med nødvendig kvalitet for prioriterte tenesteutviklingsområde<br>o Ansvar for å sikre nødvendig prosjektleiing innan tenesteområdet<br>o Bidra til at det er etablert gode prosesser for å sikre kvalitet av saker/prosjekt som tenesteområdet har ansvar for, og at ein held leveringsfristar<br>o Sikre prinsippa for fullført sakshandsaming innan eige ansvarsområde<br>o Bidra til god involvering av innbyggjarar og frivillig sektor |
| **Kompetansekrav, utdanning og praksis** | o Universitets- eller høgskuleutdanning innanfor økonomi/administrasjon, samfunnsfag og/eller juss<br>o Relevant leiarerfaring frå offentleg og/eller privat verksemd<br>o Fleire års relevant arbeidserfaring frå ein eller fleire av fagområda |
| **Andre ønskjelege kvalifikasjonar** | o Solid erfaring frå analytisk og strategisk arbeid frå kommunal, statleg eller kommersiell verksemd<br>o Solid forståing for rammevilkåra som ein offentleg leiar må forhalde seg til<br>o God forståing for leiarrolla i eit politisk/ administrativt system<br>o Har vist evne til å etablere eksterne og interne nettverk |

| | |
|---|---|
| | ○ Gode strategiske og analytiske ferdigheiter<br>○ God økonomiforståing<br>○ Relevant erfaring frå omstillings- og utviklingsarbeid med dokumenterte resultat<br>○ Erfaring frå partssamarbeid og god forståing for tillitsvald-rolla i kommunal sektor<br>○ Relevant HMS-kompetanse |
| **Personlege eigenskaper** | ○ Tydeleg og evner å sette retning<br>○ Er handlekraftig, proaktiv og nytenkande<br>○ Evne til å skape tillit og gode relasjonar til menneska rundt deg<br>○ Høg integritet<br>○ Evne til å lytte og søkje gode løysingar saman med andre<br>○ Fleksibel og endringsorientert<br>○ Gode kommunikasjons-, formidlings- og samhandlingsevner<br>○ Gjennomslagskraft og dokumentert gjennomføringsevne |
| **Stillingsomtalen er godkjend av:** | Dato: |